



Herøysund Bygdalag

Ei perle, eit funn - vi stortrivst i Herøysund

§ 1 Namn

Laget har namnet Herøysund bygdalag.

§ 2 Formål og verkemiddel

2.1 Formålet til Herøysund bygdalag er å fremja medlemmane si felles interesse i området og å arbeide for det sosiale og fysiske miljøet på staden, og trivsel og tryggleik for innbyggjarane. Laget kan ta opp alle saker som kan fremja desse formåla.

2.2 Laget er partipolitisk uavhengig.

2.3 Lagsstyret kan samarbeide med andre lag og institusjonar i saker av felles interesse.

2.4 Laget skal sikre og ta seg av interessene på staden som eit høyrings- og samarbeidsorgan ovanfor kommunen og andre offentlege instansar.

2.5 Laget skal ta omsyn til natur- og miljøvern i arbeidet sitt.

§ 3 Medlemskap

3.1 Alle over 15 år som bur i bygda kan bli medlem av laget.

3.2 For å ha røysterett på laget sitt møte, må fastsett kontingent vera betalt.

§ 4 Kontingent

4.1 Årsmøtet fastset storleiken på medlemskontingent i hen hold til formel som ser slik ut:

Vaksen = 1

Ungdom (15-20 år) = $\frac{1}{2}$ x Vaksen

Familie = $1 \frac{1}{2}$ x Vaksen

Firma = 5 x Vaksen

4.2 For å ha stemmerett på årsmøtet, må kontingent for førre år vera innbetalt. Nye medlemmer som har betalt inn kontingent før årsmøtet, har òg stemmerett. Styret finn gode rutinar for føringar av komplette lister over betalande medlemmer.

§ 5 Årsmøte

5.1 Årsmøtet er det øvste styrande organet for laget. Ordinært årsmøte skal heldes innan 15. Mars. Tid og stad vert fastsett av styret. Årsmøteinnkalling skal ut seinast 3 veker før møte. Framlegg til saker må være sendt til styret seinast 1 veke før årsmøtet. Innkallinga skal nemne dei sakene som skal opp på årsmøtet. Årsmøtet kan berre gjere vedtak i dei sakene som står i saklista på innkallinga.

5.2 Årsmøtet handsamar

- årsmelding
- godkjend rekneskap
- innkomne framlegg
- planar for komande år
- fastsetting av kontingent
- val av leiar, nestleiar, skrifvar, kasserar, to styremedlemer, to varamedlemer, valnemnd.

5.3 Alle styremedlemer vert valde for to år i gongen. Leiar, kasserar, eitt styremedlem er på val oddetalsår og nestleiar, skrifvar, eitt styremedlem er på val partalsår. Alle kan veljast oppatt.

5.4 Røysting på årsmøtet: Med mindre anna er fastsett, skal eit vedtak ha vanleg fleirtal av dei gjevne røystene for å vere gyldig.

5.5 Årsmøtet gjer vedtak med vanleg fleirtal blant dei frammøtte medlemmene.

5.6 Kasserar og valnemnda rapporterer direkte til årsmøtet.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

6.1 Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt eller når 1/3 av medlemmene krev det. Innkalling og gjennomføring følgjer same prosedyre som ved ordinært årsmøte, jf. § 5. Innkallingsfristen er minst 14 dagar.

§ 7 Medlemsmøte

Medlemsmøte vert haldne når styret finn det naudsynt eller når 1/3 av medlemmen krev det, og skal kunngjerast minst 8 dagar i forvegen. Medlemmer kan fritt melde inn saker og forslag til bygdalaget.

§ 8 Leiinga for Herøysund bygdelag (styret)

8.1 Bygdalaget vert leidd av eit styre som er øvste styrande organ for laget mellom årsmøta. Styret konstituerer seg sjølv. Leiar skal veljast i eige val på årsmøtet. Varamedlemmene skal kallast inn til alle styremøta.

8.2 Styret skal setje i verk vedtaka til årsmøtet og:

- stå for leiing av bygdalaget og ta seg av interessene til medlemmene
- forvalte egedelane/eigedomen til bygdalaget, inkludert å føre kontroll med økonomien til bygdalaget
- oppnemne nemnder eller personar til å løyse spesielle oppgåver, der det trengst
- etter beste evne prøve å oppfylle formålet til bygdalaget etter gjeldande vedtekter
- representere bygdalaget utad.

8.3 Styret held møte når leiaren avgjer eller når eit fleirtal av styremedlemene krev det. Vara l bør stille på alle møter, men har fyrst stemmerett når den fyller ein plass i styret.

8.4 Alle saker og all korrespondanse skal leggjast fram på styremøtet. Styrevedtak skal protokollførast, likeins alle usemjer som styremedlemer krev å få protokollerte.

8.5 Styret har disposisjonsrett over midlane til bygdelaget til vanlege administrative formål og rett til å løyve pengar til gjennomføring av årsmøtevedtak. Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.

8.6 Styret er vedtaksført når 2/3 av styremedlemene er til stades. Styrevedtak krev vanleg fleirtal. Ved røysteliskap har fungerande leiar dobbeltrøyst.

8.9 Dersom eit styremedlem trekker seg, rykker eit varamedlem inn som styremedlem. Vara skal fylle fråfall i styret. Dersom fleire trekker seg, må det vurderast å velje inn nye vara, men nye medlemmer kan ikkje veljast inn utanom årsmøte. Ein må da ha ekstraordinært årsmøte om dette vert naudsynt.

§ 9 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene og må vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringane vert sette i verk med det same.

§ 10 Oppløysing

10.1 Oppløysing av bygdelaget kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysinga vedteken med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. Vedtaket må gjentakast med 2/3 fleirtal for at laget skal kunne oppløysast. Det ordinære styret kan veljast til avviklingsstyre.

10.2 Ved oppløysing skal formuen til bygdelaget, etter at gjelda er betalt, gå til det formålet laget arbeider for å fremje. Ingen medlemmer har krav på midlane til bygdelaget eller delar av dei.

Dersom Grendahuset skal seljast, skal Kvinnherad kommune ha rett til å kjøpa eigedommen tilbake for kr.1,- med tillegg av eventuelle påkostnader.